

# DELÅRSRAPPORT
# 4. kvartal 2019

Voss, 28. januar 2020


Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

# DELÅRSRAPPORT 4. KVARTAL 2019

## GENERELT

Rekneskapen er utarbeidd etter IFRS (International Finance Reporting Standard).

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før tap for utgangen av 4. kvartal på 62,9 mill. kr. Dette er ein auke på 9,6 mill. kr i høve til same periode i 2018. Resultat av ordinær drift før skatt er 60,5 mill. kr mot 52,1 mill. kr i 2018. Resultat etter skatt er 46,8 mill. kr mot 39,6 mill. kr i 2018.

Totalresultat pr. utgangen av 4. kvartal 2019 er 48,5 mill. kr mot 44,8 mill. kr for same periode i fjor.

Banken held fram med ei positiv utvikling resultatmessig. Eigenkapitalavkastninga etter skatt er 10,3 % pr. utgangen av 4. kvartal 2019 mot 9,6 % for tilsvarande periode i 2018. Dette kjem i hovudsak av positiv utvikling i rentenetto og andre inntekter, reduserte kostnader og låge tap.

For 4. kvartal isolert (2018 tala i parentes) er resultat før tap 18,3 mill. kr (15,4), resultat før skatt 15,6 mill. kr (13,2), resultat etter skatt 13,0 mill. kr. (9,6) og totalresultat 14,4 mill. kr (14,0).

## RENTENETTO

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter ved utgangen av 4. kvartal er bokført til 96,3 mill. kr. Dette er ein auke på 8,1 mill. kr frå same periode i 2018. Renteendringa som vart gjort 5. november og med verknad for eksisterande lån frå 18. desember 2019, får fyrst full effekt frå 1. kvartal 2020.

Isolert for 4. kvartal var netto rente- og kredittprovisjonsinntekter 27,5 mill. kr mot 23,6 mill. kr i 2018.

Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av rådveldekapital, er ved utgangen av 4. kvartal 1,81 % (1,81 %).

## ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 4. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 15,1 mill. kr. Dette er ein auke på 0,4 mill. kr samanlikna med same periode i fjor. Korrigert for eingongseffekten av Eksportfinans i 2018 er forbetringa 2,4 mill. kr. Netto provisjonsinntekter har auka med 2,7 mill. kr.

For kvartalet isolert er netto andre driftsinntekter 4,5 mill. kr mot 4,5 mill. kr i 2018.

Det er positivt å registrere at provisjonsinntekter frå sal av forsikrings- og spareprodukt framleis aukar jamt og trutt. Dette er områder banken satsar på og har bygd opp rådgjevnadskompetanse innan. Banken får fleire kundar innan forsikring og sparing/plassering.

## DRIFTSKOSTNADER

Banken sine driftskostnader er ved utgangen av 4. kvartal bokført til 48,4 mill. kr mot 49,6 mill. kr i fjor. Lønn og andre personalkostnader er redusert med 0,8 mill. kr, medan andre driftskostnader er opp med 1,5 mill. kr. Avskrivningane er redusert med 1,9 mill. kr. og der noko av dette skuldast vinst ved sal av anleggsmiddel.

Isolert for 4. kvartal er driftskostnadane 13,6 mill. kr mot 12,7 mill. kr i 2018.

## TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

Ved utgangen av 4. kvartal har banken bokført tap og nedskrivingar på utlån med 2,5 mill. kr mot 1,2 mill. kr i fjor. For nærare spesifikasjon, sjå note 2 og 3.

For 4. kvartal isolert er det bøkført tap på 2,7 mill. kr mot 2,2 mill. kr for tilsvarande periode i 2018.

## RÅDVELDEKAPITAL

Banken sin rådveldekapital ved utgangen av 4. kvartal er 5.511 mill. kr. Dette er ein auke på 358 mill. kr (+6,9 %) siste året. Inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er rådveldekapitalen 5.887 mill. kr.

## INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 4. kvartal på 3.524 mill. kr. Dette er ein auke på 271 mill. kr (+8,3 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 4. kvartal er 72,6 % mot 71,2 % på same tidspunkt i fjor.

Innskotsveksten isolert for 4. kvartal er 10 mill. kr (0,3 %).

## UTLÅN

Banken har ved utgangen av 4. kvartal 2019 hatt ein vekst i utlåna siste året på 287 mill. kr (+6,3 %). Utlånsveksten til næringskundar er 32 mill. kr (3,3 %), medan utlånsveksten til personkundar er 255 mill. kr (+7,1 %). Utlånsveksten isolert for 4. kvartal er 17 mill. kr (0,4 %).

Brutto utlån til kundar er samla 4.857 mill. kr mot 4.570 mill. kr ved utgangen av 4. kvartal 2018. Av samla utlån er 983 mill. kr (20,2 %) utlån til næringsverksemd og 3.874 mill. kr ( 79,8 %) til personmarknaden. I tillegg har banken formidla lån til personmarknaden via Eika Boligkreditt (EBK) med samla uteståande ved utgangen av 4. kvartal på 377 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 8,9 % mot 10,5 % i 2018. Dette utgjer 7,2 % (8,5 %) av samla utlån. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst gjennom auka bruk av EBK.

## LIKVIDITET

Den gode veksten i utlån dei siste 12 månadane har i stor grad vore finansiert gjennom auke i innskot. Banken har pr. 4. kvartal uteståande obligasjonsgjeld på 1.277 mill. kr mot 1.302 mill. kr ved utgangen av 4. kvartal 2018. Sjå note 6 for nærare detaljar. Ved utgangen av 4. kvartal er banken sin LCR 440 % og NSFR 124 %.

## EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 21,23 % ved utgangen av 4. kvartal mot 18,82 % på tilsvarande tidspunkt i fjor. Netto ansvarleg kapital i banken er 607,4 mill. kr.

Kjernekapitalen til banken er 547,4 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 496,9 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 19,13 % (17,35 % i 4. kv. 2018) og ei rein kjernekapitaldekning på 17,37 % (15,36 % i 4. kv. 2018) av berekningsgrunnlaget. Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,72 % ved utgangen av 4. kvartal 2019 mot 8,92 % på tilsvarande tidspunkt i fjor.

Banken har ikkje fått fastsett pilar 2-krav frå Finanstilsynet.

Frå 01.01.2018 rapporterar banken også konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS. Banken si konsoliderte kapitaldekning er 20,60 % ved utgangen av 4. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kjernekapitaldekning er på høvesvis 18,48 % og 16,70 %. Konsolidert uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,05 %.

## FRAMLEGG TIL UTBYTTE

Vekselbanken har som målsetjing å oppnå økonomiske resultat som gjev ei god og stabil avkastning på banken sin eigenkapital. Resultata skal sikre aksjonærane konkurransedyktig langsiktig avkastning i form av utbytte og verdistigning på eigenkapitalen.

Styret i banken gjer framlegg om å utbetala kr 7,00 i utbytte pr. aksje for 2019, samanlikna med kr 7,50 i fjor og kr 3,50 året før. Utbyttet på kr 7,00 i år gjev eit utdelingsforhold sett mot årsresultatet på 33 %.  Det gjev ei direkte avkastning på 4,5 % rekna mot børskurs 31.12.19 på kr 156,00. Føreslege utbytte er i samsvar med guidinga som er eit utdelingsforhold på minimum 30 % av årsresultatet. Me har vidare i årsrapporten for 2018 sagt at ved normal årleg vekst framover og normale inntekter frå bankdrifta, vil utdelingsforholdet aukast til rundt 40 % av årsresultatet dersom ikkje soliditeten tilseier noko anna. Me bakgrunn i auken i systemrisikobuffer på 1,5 % frå 1.1.2023, som Finansdepartementet har lagd til grunn for bankar som nyttar standardmetoden i kapitaldekningsregelverket, vil foreslått utbytte sikre banken gode vekstmoglegheiter vidare i lys av denne innskjerpinga.

## REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

## UTSIKTENE FOR 2020

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Konkurransen i rentemarknaden er hard. Banken har klart å styrke kjernedrifta gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst, god vekst i andre inntekter, låge tap og kostnadsreduksjonar. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrkjer banken sitt inntektsgrunnlag. Samla sett vil dette også bidra positivt til å styrka banken sitt resultat framover.

## FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for 4. kvartal 2019 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvisande bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

Voss, 28. januar 2020

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Stein Kvarekvål
*Styreleiar*

Kathrine Løno Lahlum
*Nestleiar*

Olav Seim

Nils T. Ringheim

Solfrid Dagestad Midttun
*Tilsette sin repr.*

Stig Gunnar Røthe
*Banksjef*

## Resultat

| *Ordinært resultat - Tall i tusen kroner* | Note | 4. kvartal isolert 2019 | 2018 | 4. kvartal 31.12.19 | 4. kvartal 31.12.18 |
|---|---|---|---|---|---|
| Renteinntekter med effektiv rentes metode | | 46.315 | 36.355 | 167.446 | 137.017 |
| Renteinntekter frå øvrige instrument | | 1.213 | 694 | 3.676 | 2.629 |
| Rentekostnader og liknande kostnader | | 20.069 | 13.463 | 74.868 | 51.443 |
| **Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter** | | **27.459** | **23.586** | **96.254** | **88.204** |
| Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester | | 4.382 | 4.010 | 14.968 | 12.900 |
| Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester | | 599 | 822 | 2.772 | 3.421 |
| Utbytte og andre inntekter av eigenkapitalinstrument | | - | - | 1.614 | 2.971 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansielle instrument | | 724 | 1.244 | 1.197 | 2.061 |
| Andre driftsinntekter | | 8 | 61 | 85 | 154 |
| **Netto andre driftsinntekter** | | **4.514** | **4.494** | **15.093** | **14.665** |
| Lønn og andre personalkostnader | | 5.796 | 6.001 | 21.768 | 22.559 |
| Andre driftskostnader | | 7.347 | 5.996 | 25.546 | 24.002 |
| Av-/nedskrivningar og gevinst tap på ikkje-finansielle eignelutar | | 488 | 709 | 1.100 | 3.021 |
| **Sum driftskostnader** | | **13.631** | **12.706** | **48.414** | **49.582** |
| **Resultat før tap** | | **18.342** | **15.375** | **62.932** | **53.286** |
| Kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir | | 2.695 | 2.156 | 2.456 | 1.167 |
| **Resultat før skatt** | | **15.648** | **13.219** | **60.476** | **52.119** |
| Skattekostnad | | 2.609 | 3.577 | 13.725 | 12.559 |
| **Resultat av ordinær drift etter skatt** | | **13.038** | **9.642** | **46.752** | **39.560** |
| *Utvida resultat - Tal i tusen kroner* | | | | | |
| Poster som ikkje vert reklassifisert over resultatet | | 1.347 | 4.379 | 1.660 | 5.271 |
| Poster kan reklassifiserast over resultatet | | 55 | - | 55 | - |
| **Sum utvida resultat** | | **1.403** | **4.379** | **1.716** | **5.271** |
| | | | | | |
| **Totalresultat** | | **14.441** | **14.021** | **48.467** | **44.831** |
| | | | | | |
| **Basis og utvatna resultat pr aksje** | | **5,87** | **4,34** | **21,05** | **20,82** |

## Balanse

| (Tal i tusen kroner) | Note | 31.12.19 | 31.12.18 |
|---|---|---|---|
| Eignelutar | | | |
| Kontantar og kontantekvivalentar | | 14.038 | 12.079 |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | | 316.883 | 250.098 |
| Netto utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi over utvida res | | 4.834.528 | 4.549.933 |
| Renteberende verdipapir | | 252.342 | 249.653 |
| Finansielle derivat | | 1.819 | 2.883 |
| Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument | | 65.178 | 58.342 |
| Varige driftsmiddel | | 21.342 | 26.199 |
| Andre eignelutar | | 4.704 | 4.002 |
| **Sum eignelutar** | | **5.510.835** | **5.153.189** |

| *Tal i tusen kroner* | 31.12.19 | 31.12.18 |
|---|---|---|
| Gjeld og eigenkapital | | |
| Innlån frå kredittinstitusjonar | 30 | 1 |
| Innskot frå kundar | 3.523.937 | 3.253.008 |
| Gjeld stifta ved utsteding av verdipapir | 1.277.056 | 1.301.936 |
| Anna gjeld | 19.034 | 16.280 |
| Pensjonsforpliktingar | - | 1.371 |
| Forpliktingar ved skatt | 19.033 | 17.252 |
| Avsetningar på garantiar og unytta rammekredittar | 298 | 386 |
| Ansvarleg lånekapital | 69.092 | 40.130 |
| Fondsobligasjonskapital | 35.764 | 36.939 |
| **Sum gjeld** | **4.944.246** | **4.667.303** |
| Innskoten eigenkapital | 97.548 | 49.539 |
| Annan eigenkapital | 441.600 | 410.836 |
| Fond for urealiserte vinstar | 25.097 | 25.512 |
| Udisponert resultat | - | - |
| **Sum eigenkapital** | **566.588** | **485.887** |
| **Sum gjeld og eigenkapital** | **5.510.835** | **5.153.189** |

Voss, 28. januar 2020

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Stein Kvarekvål
*Styreleiar*

Kathrine Løno Lahlum
*Nestleiar*

Olav Seim

Nils T. Ringheim

Solfrid Dagestad Midttun
*Tilsette sin repr.*

Stig Gunnar Røthe
*Banksjef*

## EIGENKAPITALOPPSTILLING

| | Innsk. eigenkapital | | | | Opptent eigenkapital | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| *Tal i tusen kroner* | Aksjar | Eigne aksjar | Overkurs | Hybrid-kapital | Fond for urealiserte vinstar | Anna opptent eigenkapital | Sum eigenkapital |
| **Eigenkapital 31.12.2018** | **9.500** | **-76** | **-** | **40.115** | **25.512** | **410.836** | **485.887** |
| Korreksjon fond for urealiserte vinstar | | | | | 713 | -713 | - |
| Resultat etter skatt | | | | 1.860 | -516 | 45.407 | 46.751 |
| Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi | | | | | 1.660 | | 1.660 |
| Rentebærende verdipapir til verkelig verdi | | | | | -61 | | -61 |
| Utlån kunder til verkelig verdi (ECL 12 mnd) | | | | | 135 | | 135 |
| Skatt på rentebærende verdipapir og utlån til verkelig verdi | | | | | -18 | | -18 |
| **Totalresultat 31.12.2019** | **-** | **-** | **-** | **1.860** | **1.913** | **44.694** | **48.467** |
| *Transaksjoner med eierne* | | | | | | | |
| Kapitalforhøyelse | 1.603 | | 48.397 | | | | 50.000 |
| Kostnader ved kapitalforhøyelsen etter skatt | | | -1.402 | | | | -1.402 |
| Utbetalt utbytte | | | | | | -14.250 | -14.250 |
| Utbetalte renter hybridkapital | | | | -1.975 | | | -1.975 |
| Endring eigne aksjar | | -6 | | | | -134 | -140 |
| **Eigenkapital 31.12.2019** | **11.103** | **-82** | **46.995** | **40.000** | **27.425** | **441.146** | **566.588** |
| | | | | | | | |
| **Eigenkapital 31.12.2017** | **9.500** | **-52** | **-** | **-** | **20.241** | **368.995** | **398.684** |
| Overgang til IFRS 9 | | | | | | 10.606 | 10.606 |
| **Omarbeida eigenkapital 01.01.2018** | **9.500** | **-52** | **-** | **-** | **20.241** | **379.601** | **409.290** |
| Resultat etter skatt | | | | 1.117 | | 38.443 | 39.560 |
| Eigenkapitalinstrument til verkeleg verdi | | | | | 5.043 | | 5.043 |
| Utlån kunder til verkelig verdi (ECL 12 mnd) | | | | | 303 | | 303 |
| Skatt på rentebærende verdipapir og utlån til verkelig verdi | | | | | -75 | | -75 |
| **Totalresultat 31.12.2018** | **-** | **-** | **-** | **1.117** | **5.271** | **38.443** | **44.831** |
| *Transaksjoner med eierne* | | | | | | | |
| Utbetalt utbytte | | | | | | -6.650 | -6.650 |
| Utferding av ny hybridkapital | | | | 40.000 | | | 40.000 |
| Utbetalt renter på hybridkapitalen | | | | -1.374 | | | -1.374 |
| Skatt på renter hybridkapital | | | | 372 | | | 372 |
| Kjøp av egne aksjer | | -24 | | | | -558 | -582 |
| **Eigenkapital 31.12.2018** | **9.500** | **-76** | **-** | **40.115** | **25.512** | **410.836** | **485.887** |

## KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

| *Tal i tusen kroner* | 4. kvartal 2019 | 4. kvartal 2018 |
|---|---|---|
| **Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar** | | |
| Netto utbetaling av lån til kundar | (287.050) | (361.763) |
| Renteinnbetalingar på utlån til kundar | 164.481 | 135.297 |
| Netto inn-/utbetaling av innskot frå kundar | 270.929 | 324.908 |
| Renteutbetalingar på innskot frå kundar | (41.626) | (23.383) |
| Netto inn-/utbetaling av lån frå kredittinstitusjonar/innskot i kredittinstitusjonar | 30 | 1 |
| Renteutbetalingar på gjeld til kredittinstitusjonar/renteinnbetalingar på innskot kredittinstitusjonar | 2.444 | 1.713 |
| Endring sertifikat og obligasjonar | (2.689) | (45.925) |
| Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjonar | 3.676 | 2.629 |
| Netto provisjonsinnbetalingar | 12.196 | 9.478 |
| Verdiendring på finansielle instrument og valuta | 716 | 2.353 |
| Netto inn-/utbetaling kortsiktige investeringar i verdipapir | - | 13.031 |
| Utbetalingar til drift | (44.894) | (58.263) |
| Betalt skatt | (11.962) | 3.889 |
| **A Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar** | **66.252** | **3.967** |
| | | |
| **Kontantstraum frå investeringsaktivitetar** | | |
| Utbetaling ved investering i varige driftsmiddel | (2.468) | (103) |
| Innbetaling fra salg av varige driftsmidler | 4.887 | 578 |
| Utbetaling ved kjøp av langsiktig investering i verdipapir | (44.841) | (13.808) |
| Innbetaling frå sal av langsiktige investeringar i verdipapir | 40.741 | (720) |
| Utbytte frå langsiktige investeringar i aksjar | 1.614 | 2.971 |
| **B Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet** | **-67** | **-11.083** |
| | | |
| **Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar** | | |
| Netto inn-/utbetaling ved utferding/forfall gjeld stifta ved utferding av verdipapir | (24.880) | 177.498 |
| Renteutbetalingar på gjeld stifta ved utferding av verdipapir | (29.650) | (25.109) |
| Netto inn-/utbetaling ved utstedelse/forfall ansvarlige lån | 27.788 | (730) |
| Innbetaling ved utferding av ansvarleg lån | | 40.000 |
| Renteutbetalingar på ansvarlege lån | (3.071) | (2.944) |
| Kjøp og salg av egne aksjer | 48.598 | (76) |
| Renter på fondsobligasjon | - | (1.374) |
| Utbytte til aksjonærar | (1.975) | - |
| Utbytte til egenkapitalbeviseierne | (14.250) | (6.650) |
| **C Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet** | **2.560** | **180.616** |
| | | |
| **A + B + C Netto endring likvidar i perioden** | **68.744** | **173.500** |
| | | |
| Likviditetsbehaldning 1.1 | 262.177 | 88.677 |
| **Likviditetsbehaldning 31.12** | **330.921** | **262.177** |
| | | |
| **Likvidetsbehaldning spesifisert:** | | |
| Kontantar og kontantekvivalentar | 14.037 | 12.077 |
| Fordringar på kredittinstitusjonar utan oppseiingstid | 316.884 | 250.100 |
| **Likviditetsbehaldning** | **330.921** | **262.176** |

## NOTE 1 – REKNESKAPSPRINSIPP OG VIKTIGE REKNESKAPSESTIMAT OG SKJØNNSMESSIGE VURDERINGAR

*Rekneskapsprinsipp*
Kvartalsrekneskapen omfattar perioden 01.01. – 31.12.2019. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IFRS Delårsrapportering.

Delårsrekneskapane er ureviderte. Føreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande IFRS standarder og IFRIC fortolkningar. Kvartalsrekneskapen omfatter ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap og bør lesast i samanheng med årsregnskapen for 2018.

*Viktige rekneskapsestimat og skjønnsmessige vurderingar*
Utarbeiding av rekneskapen medfører at leiinga gjer estimat og skjønnsmessige vurderingar og tek føresetnader som påverkar effekten av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I årsregnskapen for 2018 er det gjort nærare greie for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

## NOTE 2 – NEDSKRIVNINGAR PÅ UTLÅN, UNYTTA KREDITTAR OG GARANTIAR

I henhold til IFRS9 er banken sine utlån til kundar gruppert i tre steg basert på sannsyn for misleghald (PD) på innrekningstidspunktet samanlikna med misleghaldssannsyn på balansedagen. Fordelinga mellom stega vert gjort for det einskilde lån eller engasjement.
Tabellen under spesifiserar endringa i perioden sine nedskrivningar og brutto balanseførte utlån for kvart steg.

**Endringar i tapsavsetningar**

| | Steg 1<br>12 mnd. tap | Steg 2<br>Livstid tap | Steg 3<br>Livstid tap | Totale<br>nedskrivningar |
|---|---|---|---|---|
| **Tapsavsetningar pr. 01.01.2019 *** | **808** | **4.876** | **14.505** | **20.189** |
| | | | | |
| **Overføringar:** | | | | - |
| Overføringar frå steg 1 til steg 2 | -168 | 2.458 | - | 2.290 |
| Overføringar frå steg 2 til steg 3 | | -108 | 1.200 | 1.092 |
| Overføringar frå steg 3 til steg 2 | - | 6 | - | 6 |
| Overføringar frå steg 3 til steg 1 | - | - | - | - |
| Overføringar frå steg 2 til steg 1 | 73 | -1.260 | | -1.187 |
| | | | | - |
| Nye finansielle eignelutar utferda eller kjøpt | 112 | 42 | 152 | 306 |
| Finansielle eignelutar som er fårekna i perioden | -210 | -1.307 | -772 | -2.289 |
| | | | | - |
| Endringar i modell eller risikoparametre | 107 | -256 | -1.179 | -1.328 |
| Andre justeringar | 206 | 112 | 3.262 | 3.580 |
| **Tapsavsetningar pr. 31.12.2019 *** | **928** | **4.563** | **17.168** | **22.659** |
| | | | | |
| **Brutto utlån per 31.12.2019** | **4.450.372** | **356.631** | **50.183** | **4.857.186** |

* inklusive tapsavsetning på garantiar

## NOTE 3 – MISLEGHELDE OG TAPSUTSETTE LÅN

### Misleghelde engasjement

| | 4. kvartal 2019 | 4. kvartal 2018 | Året 2018 |
|---|---|---|---|
| Brutto misleghelde utlån – PM | 7.891 | 8.705 | 8.705 |
| Brutto misleghelde utlån – BM | 34 | 102 | 102 |
| Individuelle nedskrivningar | -565 | -2.000 | -2.000 |
| **Netto misleghelde utlån** | **7.360** | **6.807** | **6.807** |

### Andre tapsutsette engasjement

| | 4. kvartal 2019 | 4. kvartal 2018 | Året 2018 |
|---|---|---|---|
| Tapsutsette engasjement (ikkje misleghelde) – PM | 47.060 | 19.316 | 19.316 |
| Tapsutsette engasjement (ikkje misleghelde) – BM | 27.747 | 28.781 | 28.781 |
| Individuelle nedskrivningar | -16.603 | -12.505 | -12.505 |
| **Netto tapsutsette engasjement** | **58.204** | **35.592** | **35.592** |

## NOTE 4 – FORDELING UTLÅN KUNDAR

### Utlån til kundar fordelt på sektor og næring pr. 31.12.2019

| Utlån til amortisert kost og til verkeleg verdi over utvida resultat | Brutto utlån | Akkumulert nedskrivning * Steg 1 | Steg 2 | Steg 3 | Netto utlån |
|---|---|---|---|---|---|
| Lønstakarar og pensjonistar ** | 3.873.936 | -74 | 962 | 7.068 | 3.865.980 |
| Byggje- og anleggsverksemd | 36.841 | 55 | 35 | - | 36.751 |
| Elektrisitet-, gass-, damp- og varmtvannsforsyning | 53.506 | 24 | 384 | | 53.098 |
| Fagleg og finansiell tenesteyting | 58.241 | 80 | 9 | | 58.152 |
| Forretningsmessig tenesteyting | 69.462 | 118 | 279 | | 69.065 |
| Industri og bergverksdrift | 24.170 | 22 | 329 | | 23.819 |
| Informasjon og kommunikasjon | 4.571 | 8 | 10 | | 4.553 |
| Jordbruk og tilknytta tenester | 36.230 | 16 | 31 | 9.100 | 27.083 |
| Omsetning og drift av fast eigedom | 489.713 | 409 | 2.339 | 1.000 | 485.965 |
| Overnattings- og serveringsverksemd | 35.853 | 34 | 57 | | 35.762 |
| Tenesteytende næringer elles | 53.813 | 38 | 25 | | 53.750 |
| Transport og lagring | 1.752 | 4 | 3 | | 1.745 |
| Utanrikssjøfart og røyrtransport | 21.025 | 34 | 1 | | 20.990 |
| Utvikling av byggjeprosjekt | 27.394 | 19 | | | 27.375 |
| Vassforsyning, avlaups- og renovasjonsverksemd | 421 | 1 | | | 420 |
| Varehandel, reparasjon av motorvogner | 70.258 | 139 | 99 | | 70.020 |
| **Sum utlån balanseført** | **4.857.186** | **927** | **4.563** | **17.168** | **4.834.528** |
| Utlån formidla til Eika Boligkreditt *** | 376.647 | | | | 376.647 |
| **Sum utlån inkl. Eika Boligkreditt AS** | **5.233.833** | **927** | **4.563** | **17.168** | **5.211.175** |

### Netto utlån til kundar fordelt på kategori per 30.09.2019

| | Brutto utlån | Steg 1 | Steg 2 | Steg 3 | Netto utlån |
|---|---|---|---|---|---|
| Utlån til amortisert kost | 1.072.107 | 489 | 3.612 | 10.689 | 1.057.317 |
| Utlån til verkeleg verdi over OCI | 3.785.079 | 438 | 951 | 6.479 | 3.777.211 |
| **Sum netto utlån balanseført** | **4.857.186** | **927** | **4.563** | **17.168** | **4.834.528** |

** Akkumulerte nedskrivningar er eksklusive avsetning på garantiar og unytta rammekredittar*
*** Akkumulerte nedskrivningar i steg 1 for lønstakarar og pensjonistar er negativ grunna ompostering ved årsslutt.*
**** Nedskrivningar på utlån formidla til Eika Boligkreditt inngår som del av nedskrivningane på ordinære lån.*

## NOTE 5 – KAPITALDEKNING

| Kapitaldekning | 4. kvartal 2019 | 4. kvartal 2018 | Året 2018 |
|---|---|---|---|
| Opptent eigenkapital | 441.146 | 410.836 | 410.836 |
| Overkursfond | 46.995 | - | - |
| Utjevningsfond | - | - | - |
| Annan eigenkapital | 27.425 | 25.512 | 25.512 |
| Innbetalt aksjekapital | 11.021 | 9.423 | 9.423 |
| Gåvefond | - | - | - |
| **Sum eigenkapital** | **526.587** | **445.771** | **445.771** |
| Avsett utbytte | -15.542 | -14.250 | -14.250 |
| Frådrag for forsvarleg verdsetting | -318 | -308 | -308 |
| Frådrag i rein kjernekapital | -13.845 | -14.961 | -14.961 |
| **Rein kjernekapital** | **496.882** | **416.252** | **416.252** |
| Fondsobligasjonar | 50.500 | 54.000 | 54.000 |
| Frådrag i kjernekapital | - | - | - |
| **Sum kjernekapital** | **547.382** | **470.252** | **470.252** |
| Ansvarleg lånekapital | 60.000 | 40.000 | 40.000 |
| Frådrag i tilleggskapital | - | - | - |
| **Sum tilleggskapital** | **60.000** | **40.000** | **40.000** |
| | - | - | |
| **Netto ansvarleg kapital** | **607.382** | **510.252** | **510.252** |

| | 2019 | 2018 | 2018 |
|---|---|---|---|
| **Eksponeringskategori (vekta verdi)** | | | |
| Statar | - | - | - |
| Lokal regional myndigheit | 20.784 | 11.429 | 11.429 |
| Offentleg eigde føretak | - | - | - |
| Institusjonar | 5.930 | 33.190 | 33.190 |
| Føretak | 277.539 | 295.173 | 295.173 |
| Massemarknad | - | - | - |
| Pantsikkerheit eigedom | 1.971.910 | 1.975.938 | 1.975.938 |
| Forfalne engasjement | 6.824 | 6.833 | 6.833 |
| Høgrisiko engasjement | - | - | - |
| Obligasjonar med fortrinnsrett | 7.553 | 6.341 | 6.341 |
| Fordring på institusjonar og føretak med kortsiktig rating | 48.682 | 14.833 | 14.833 |
| Andelar verdipapirfond | - | - | - |
| Eigenkapitalposisjonar | 53.152 | 46.265 | 46.265 |
| Øvrige engasjement | 277.892 | 144.995 | 144.995 |
| CVA-tillegg | 362 | 19 | 19 |
| **Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko** | **2.670.630** | **2.535.016** | **2.535.016** |
| Berekningsgrunnlag frå operasjonell risiko | 190.721 | 175.616 | 175.616 |
| **Berekningsgrunnlag** | **2.861.351** | **2.710.632** | **2.710.632** |
| | | | |
| **Kapitaldekning i %** | **21,23 %** | **18,82 %** | **18,82 %** |
| **Kjernekapitaldekning** | **19,13 %** | **17,35 %** | **17,35 %** |
| **Rein kjernekapitaldekning i %** | **17,37 %** | **15,36 %** | **15,36 %** |
| | | | |
| **Bufferkrav** | | | |
| Bevaringsbuffer (2,50 %) | 71.534 | 67.766 | 67.766 |
| Motsyklisk buffer (2,5 %) | 71.534 | 67.766 | 67.766 |
| Systemrisikobuffer (3,00 %) | 85.841 | 81.319 | 81.319 |
| **Sum bufferkrav til ren kjernekapital** | 228.908 | 216.851 | 216.851 |
| Minimumskrav til ren kjernekapital (4,50 %) | 128.761 | 121.978 | 121.978 |
| Tilgjengelig ren kjernekapital utover minimumskrav og bufferkrav | 139.214 | 77.423 | 77.423 |

### Konsolidering av samarbeidande grupper

Fra 01.01.2018 skal alle bankar rapportere kapitaldekning konsolidert med eigarandel i samarbeidsgrupper.
Banken har ein eigarandel på 0,20 % i Eika Gruppen AS og på 0,52 % i Eika Boligkreditt AS.

| | 4. kvartal 2019 | 4. kvartal 2018 |
|---|---|---|
| Rein kjernekapital | 504.551 | 425.236 |
| Kjernekapital | 558.189 | 482.902 |
| Ansvarleg kapital | 622.145 | 526.466 |
| Berekningsgrunnlag | 3.020.371 | 2.866.476 |
| **Kapitaldekning i %** | **20,60 %** | **18,37 %** |
| **Kjernekapitaldekning** | **18,48 %** | **16,85 %** |
| **Rein kjernekapitaldekning i %** | **16,70 %** | **14,83 %** |
| **Uvekta kjernekapitalandel i %** | **9,05 %** | **8,13 %** |

## NOTE 6 – GJELD STIFTA VED UTFERDING AV VERDIPAPIR

| | 4. kvartal 2019 | 4. kvartal 2018 | Året 2018 |
|---|---|---|---|
| Sertifikat, nominell verdi + påløpte renter | - | - | - |
| Obligasjonar, nominell verdi + påløpte renter | 1.277.056 | 1.301.276 | 1.301.276 |
| Tilbakekjøpte obligasjonar | - | - | - |
| Amortisert over-/underkurs | - | 660 | 660 |
| **Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir** | **1.277.056** | **1.301.936** | **1.301.936** |
| Gjennomsnittleg rente ved periodeslutt | 2,32 % | 2,05 % | 2,05 % |

| | 4. kvartal 2019 | 4. kvartal 2018 | Året 2018 |
|---|---|---|---|
| Ordinær ansvarleg lånekapital, nominell verdi + påløpte renter | - | - | - |
| Evigvarande ansvarleg lånekapital, nominell verdi + påløpte renter | 69.092 | 40.130 | 40.130 |
| Fondsobligasjonar, nominell verdi + påløpte renter | 73.790 | 75.512 | 75.512 |
| Amortisert over-/underkurs | - | 1.543 | 1.543 |
| **Sum ansvarleg lånekapital og fondsobligasjonslån** | **142.882** | **117.185** | **117.185** |
| Gjennomsnittleg rente ved periodeslutt | 5,25 % | 3,87 % | 3,87 % |

| Endringar i verdipapirgjeld i perioden | Balanse 01.10.2019 | Emitert | Forfalt/ innløyst | Øvrige endringar | Balanse 31.12.2019 |
|---|---|---|---|---|---|
| Obligasjonsgjeld | 1.276.982 | | | 74 | 1.277.056 |
| **Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir** | **1.276.982** | **-** | **-** | **74** | **1.277.056** |
| Ansvarlege lån | 40.146 | 60.000 | -31.000 | -54 | 69.092 |
| Fondsobligasjonar | 76.267 | | | -2.477 | 73.790 |
| **Sum ansvarleg lån og fondsobligasjonar** | **116.413** | **60.000** | **-31.000** | **-2.531** | **142.882** |

| Endringar i verdipapirgjeld i perioden | Balanse 01.10.2018 | Emitert | Forfalt/ innløst | Øvrige endringer | Balanse 31.12.2018 |
|---|---|---|---|---|---|
| Obligasjonsgjeld | 1.402.206 | | -100.000 | -270 | 1.301.936 |
| **Sum gjeld stifta ved utferding av verdipapir** | **1.402.206** | **-** | **-100.000** | **-270** | **1.301.936** |
| Ansvarlege lån | 40.130 | | | | 40.130 |
| Fondsobligasjonar | 77.307 | | | -252 | 77.055 |
| **Sum ansvarleg lån og fondsobligasjonar** | **117.437** | **-** | **-** | **-252** | **117.185** |

## NOTE 7 – FINANSIELLE INSTRUMENT TIL VERKELEG VERDI, VERDSETJINGSNIVÅ

**4. kvartal 2019**

| | *NIVÅ 1* | *NIVÅ 2* | *NIVÅ 3* | Sum |
|---|---|---|---|---|
| Verdipapirer frivillig klassifisert til verkeleg verdi | | | | |
| Aksjar | | | | - |
| Pengemarknadsfond | | | | - |
| *Verdipapir tilgjengeleg for sal* | | | | |
| Aksjar | | | 65.178 | 65.178 |
| Obligasjonar | 194.101 | 58.241 | | 252.342 |
| Rentebytteavtalar brukt for sikring | | 1.819 | | 1.819 |
| **Sum** | **194.101** | **60.060** | **65.178** | **319.339** |

| **Avstemming av nivå 3** | |
|---|---|
| Inngåande balanse 01.01 | 58.342 |
| Realisert vinst/tap | 468 |
| Urealisert vinst/tap ført mot resultatet | 592 |
| Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat | 1.676 |
| Investering | 44.841 |
| Sal | (40.741) |
| **Utgåande balanse** | **65.178** |

4. kvartal 2018

| | NIVÅ 1 | NIVÅ 2 | NIVÅ 3 | Sum |
|---|---|---|---|---|
| Verdipapir frivillig klassifisert til verkeleg verdi | | | | |
| Aksjar | | - | 58.342 | 58.342 |
| Pengemarknadsfond | | | | - |
| *Verdipapir tilgjengeleg for sal* | | | | - |
| Aksjar | | | | - |
| Obligasjonar | 249.653 | | | 249.653 |
| Rentebytteavtalar brukt for sikring | - | 2.883 | - | 2.883 |
| **Sum** | **249.653** | **2.883** | **58.342** | **310.878** |

| Avstemming av nivå 3 | |
|---|---|
| Inngåande balanse 01.01 | 57.372 |
| Realisert vinst/tap | 3.424 |
| Urealisert vinst/tap ført mot resultatet | (2.963) |
| Urealisert vinst/tap ført mot utvida resultat | 1.172 |
| Investering | 13.808 |
| Salg | (14.471) |

**Verkeleg verdimålingar og –opplysningar klassifisert etter nivå**

I tabellane over er det nytta fylgjande nivåinndeling:
**Nivå 1**: Verdsetting basert på noterte prisar i ein aktiv marknad for identiske eignelutar og forpliktingar.

**Nivå 2**: Verdsetting som baserer seg på (1) direkte eller indirekte observerbare prisar for identiske eignelutar eller forpliktingar i ein marknad som ikkje er aktiv, (2) modellar som nyttar prisar og variablar som fullt ut er henta frå observerbare marknader eller transaksjonar og (3) prising i ein aktiv marknad av ein tilsvarande, men ikkje identisk eignelut eller forplikting.

**Nivå 3**: Vurderingar som baserer seg på faktorar som ikkje er observerbare eller eksternt verifiserbare.

Selskapet sine verdsettingsmetodar maksimerer bruken av observerbare data der det er tilgjengeleg og belagar seg minst mogleg på selskapet sine eigne estimat.

## Spesifikasjon av obligasjons-, fonds- og aksjeportefølje

| **Obligasjonsportefølje** | **31.12.2019** | **31.12.2018** |
|---|---|---|
| *Utstedarkategori* | *Bokført verdi* | *Bokført verdi* |
| Stat / statsgaranterte | 50.787 | 74.820 |
| Kommune / fylke | 103.921 | 82.251 |
| Bank og finans | 22.106 | 29.173 |
| Obligasjonar med fortrinsrett | 75.528 | 63.409 |
| **Sum obligasjonsportefølje** | **252.342** | **249.653** |

| **Aksjeportefølje** | **31.12.2019** | | **31.12.2018** | |
|---|---|---|---|---|
| *Namn* | *Tal aksjar* | *Bokført verdi* | *Tal aksjar* | *Bokført verdi* |
| SDC | 2.713 | 1.385 | 2.971 | 1.519 |
| Eika Gruppen | 47.481 | 7.003 | 43.859 | 5.373 |
| Eksportfinans | 1.050 | 20.013 | 1.050 | 20.013 |
| Gjensidige Forsikring | | | 3.253 | 440 |
| Eika BoligKreditt | 6.281.006 | 26.136 | 5.411.709 | 22.729 |
| VIPPS (BANK ID Norge) | | | 1.475 | 5.837 |
| Destinasjon Voss | 33 | 100 | 33 | 100 |
| Kveik AS | 5 | 5 | 5 | 5 |
| Næringshagen Voss | 1.500 | 150 | 1.500 | 150 |
| VossaLøysinga | 5 | 5 | 5 | 5 |
| VN Norge | - | 2.264 | - | 1.171 |
| Eiendomskreditt | 8.212 | 1.000 | 8.212 | 1.000 |
| Eika VBB AS | 1.648 | 6.522 | - | - |
| Verdi Visa C konvertible via VNH1 | 31 | 595 | | |
| **Sum aksjeportefølje** | | **65.178** | | **58.342** |

## NOTE 8 – VERKELEG VERDI AV FINANSIELLE EIGNELUTAR OG FORPLIKTINGAR

| | 4. kvartal 2019 | | 4. kvartal 2018 | |
|---|---|---|---|---|
| | Balanseført verdi | Verkeleg verdi | Balanseført verdi | Verkeleg verdi |
| **Finansielle eignelutar** | | | | |
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | 14.037 | 14.037 | 12.077 | 12.077 |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | 316.884 | 316.884 | 250.100 | 250.100 |
| Utlån til kundar | 4.834.528 | 4.834.528 | 4.549.933 | 4.549.933 |
| Renteberande verdipapir | 252.342 | 252.342 | 249.653 | 249.653 |
| Finansielle derivat | 1.819 | 1.819 | 2.883 | 2.883 |
| Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument | 65.178 | 65.178 | 58.342 | 58.342 |
| **Sum finansielle eignelutar** | **5.484.788** | **5.484.788** | **5.122.989** | **5.122.989** |
| **Finansielle forpliktingar** | | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 30 | 30 | 1 | 1 |
| Innskot frå kundar | 3.523.937 | 3.523.937 | 3.253.008 | 3.253.008 |
| Gjeld oppteke ved utferding av obligasjonar | 1.277.056 | 1.284.822 | 1.301.936 | 1.303.856 |
| Ansvarleg lånekapital | 69.092 | 59.939 | 40.130 | 39.103 |
| Fondsobligasjonskapital | 35.764 | 40.239 | 36.939 | 76.798 |
| **Sum finansielle forpliktingar** | **4.905.880** | **4.908.967** | **4.632.013** | **4.672.765** |

## NOTE 9 – AKSJAR

Dei 20 største aksjonærane:

**4. kvartal 2019**

| Namn | Behaldning | Eigarandel |
|---|---|---|
| VOSS SPAREBANK | 209.229 | 9,42 % |
| BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE | 115.641 | 5,21 % |
| MP PENSJON PK | 87.181 | 3,93 % |
| HAUGALAND KRAFT PENSJONSKASSE | 64.069 | 2,89 % |
| AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS | 52.659 | 2,37 % |
| ANDERS VAKSDAL | 41.145 | 1,85 % |
| WERGELAND HOLDING AS | 37.823 | 1,70 % |
| BJØRKEHAGEN AS | 36.000 | 1,62 % |
| LIMONE AS | 34.600 | 1,56 % |
| SPAREBANK 1 SR-BANK PENSJONSKASSE | 31.000 | 1,40 % |
| KRISTIAN HODNE AS | 27.300 | 1,23 % |
| VPF EIKA EGENKAPITALBEVIS | 25.641 | 1,15 % |
| FORLAGSHUSET VIGMOSTAD & BJØRKE AS | 24.110 | 1,09 % |
| HAKATAI AS | 20.855 | 0,94 % |
| JOH. RASMUSSEN & RACINE AS | 20.000 | 0,90 % |
| FJORDSYN AS | 19.040 | 0,86 % |
| HAAKEN FOSSEN | 18.201 | 0,82 % |
| VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA | 16.556 | 0,75 % |
| SLÅPEKROKEN AS | 15.040 | 0,68 % |
| IVAR GJØSTEIN | 14.420 | 0,65 % |
| **Sum 20 største** | **910.510** | **41,00 %** |
| Øvrige aksjonærar | 1.310.002 | 59,00 % |
| **Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)** | **2.220.512** | **100,00 %** |

**Tal aksjar: 2.220.512**

Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 4. kvartal: kr 237,15

Børskurs ved utgangen av 4. kvartal: kr 156,00

**4. kvartal 2018**

| Namn | Behaldning | Eigarandel |
|---|---|---|
| VOSS SPAREBANK | 189.980 | 10,00 % |
| BERGEN KOMMUNALE PENSJONSKASSE | 90.000 | 4,74 % |
| MP PENSJON PK | 87.181 | 4,59 % |
| HAUGALAND KRAFT PENSJONSKASSE | 64.069 | 3,37 % |
| AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS | 46.771 | 2,46 % |
| BJØRKEHAGEN AS | 36.000 | 1,89 % |
| WERGELAND HOLDING AS | 31.413 | 1,65 % |
| SPAREBANK 1 SR-BANK PENSJONSKASSE | 31.000 | 1,63 % |
| ANDERS VAKSDAL | 30.050 | 1,58 % |
| KRISTIAN HODNE AS | 27.116 | 1,43 % |
| SKOGSBORG AS | 20.440 | 1,08 % |
| JOH. RASMUSSEN & RACINE AS | 20.000 | 1,05 % |
| LIMONE AS | 18.992 | 1,00 % |
| FORLAGSHUSET VIGMOSTAD & BJØRKE AS | 17.700 | 0,93 % |
| FJORDSYN AS | 16.600 | 0,87 % |
| NORDNET LIVSFORSIKRING AS | 15.392 | 0,81 % |
| VOSS VEKSEL- OG LANDMANDSBANK ASA | 15.376 | 0,81 % |
| SLÅPEKROKEN AS | 15.040 | 0,79 % |
| HAUKÅS KONSULENTENE AS | 15.000 | 0,79 % |
| HAAKEN FOSSEN | 13.935 | 0,73 % |
| **Sum 20 største** | **802.055** | **42,21 %** |
| Øvrige aksjonærar | 1.097.945 | 57,79 % |
| **Totalt tal aksjar (pålydande kr 5,-)** | **1.900.000** | **100,00 %** |

**Tal aksjar: 1.900.000**

Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 3. kvartal: kr. 234,66

Børskurs ved utgangen av 3. kvartal: kr. 135,-

## NYKKELTAL

| *Nykkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert* | 4. kvartal 2019 | 4. kvartal 2018 | Året 2018 |
|---|---|---|---|
| **Resultat** | | | |
| Kostnader i % av inntekter justert for VP | 44,6 % | 50,7 % | 50,7 % |
| Kostnadsvekst siste 12 mnd | -2,4 % | -7,8 % | -7,8 % |
| Eigenkapitalavkastning* | 10,3 % | 9,6 % | 9,6 % |
| Andre inntekter i % av totale inntekter (eskl. VP) | 11,3 % | 9,8 % | 9,8 % |
| Innskotsmargin hittil i år | 0,4 % | 0,3 % | 0,3 % |
| Utlånsmargin hittil i år | 1,9 % | 2,0 % | 2,0 % |
| Netto rentemargin hittil i år | 1,8 % | 1,8 % | 1,8 % |
| **Innskot og Utlån** | | | |
| Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen | 20,2 % | 20,8 % | 20,8 % |
| Andel lån overført til EBK - kun PM | 8,9 % | 10,5 % | 10,5 % |
| Innskotsdekning | 72,6 % | 71,2 % | 71,2 % |

** EK-avkastning etter berekna skatt - Annualisert*

| *Nykkeltal er annualisert der anna ikkje er spesifisert* | 2019 | 2018 | 2018 |
|---|---|---|---|
| **Soliditet** | | | |
| Rein kjernekapitaldekning | 17,4 % | 15,4 % | 15,4 % |
| Kjernekapitaldekning | 19,1 % | 17,4 % | 17,4 % |
| Kapitaldekning | 21,2 % | 18,8 % | 18,8 % |
| Leverage ratio | 9,7 % | 8,9 % | 8,9 % |
| **Likviditet** | | | |
| LCR | 440 | 288 | 288 |
| NSFR | 124 | 125 | 125 |